



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/1222-

15. august 2019

Bom på sideveg

Eg syner til brev sendt 18. juni 2019 til Vegdirektoratet og Nye Veier AS med innstramming av bruk av bom på sideveg for nye vegprosjekt. Alle fylkeskommunar har motteke kopi av dette brev.

I Granavolden-plattformen står det "at bom på sidevei som hovedregel skal unngås, med mindre det er nødvendig for å realisere prosjektet".

Som varsla i brev av 18. juni 2019 vil departementet vurdere moglegheita for å fjerna bommane på sidevegar i prosjekt som allereie er vedtekne av Stortinget og/eller lokale styresmakter. Eg har i brev av 15. august 2019 bedt Statens vegvesen og Nye Veier AS om ein fagleg vurdering av kva dette vil bety for mellom anna trafikk mønstre, sikkerheit, miljø og økonomi (sjå vedlegg).

Samstundes ønsker eg å høre korleis lokale styresmakter stiller seg til denne politikkendringa. Fylkeskommunane er både garantister for låna som bompengeselskapa har tatt opp for å finansiere dei aktuelle prosjekta og i mange høver vegeigar for "sidevegen" og vil kunne ha kjennskap til relevante lokale forhold og ønsker. Eg ber derfor om ein tilbakemelding på korleis fylkeskommunane stiller seg til å fjerne sidevegsbommar i vedtekne prosjekt i eigne fylker.

Med helsing

Jon Georg Dale

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskreven signatur.

Vedlegg

Kopi
Nye Veier AS
Vegdirektoratet

Adresseliste

Akershus fylkeskommune	Sentraladministrasjonen	0107	OSLO
Aust-Agder fylkeskommune	Pb 788 Stoa	4809	ARENDAL
Buskerud fylkeskommune	Postboks 3563	3007	DRAMMEN
Finnmark fylkeskommune	Henry Karlsens plass 1	9815	VADSØ
Hedmark fylkeskommune	Postboks 4404	2325	HAMAR
Hordaland fylkeskommune	Bedriftssenteret		
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Nordland fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Oppland fylkeskommune	Fylkeshuset	8048	BODØ
Rogaland fylkeskommune	Postboks 988	2626	LILLEHAMMER
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
Telemark fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Troms fylkeskommune	Fylkeshuset	3706	SKIEN
Trøndelag fylkeskommune	Postboks 6600	9296	TROMSØ
Vest-Agder fylkeskommune	Fylkets hus, Postboks 2560	7735	STEINKJER
Vestfold fylkeskommune	Serviceboks 517	4605	KRISTIANSAND S
Østfold fylkeskommune	Postboks 2163	3103	TØNSBERG
	Postboks 220	1702	SARPSBORG